

Referat frå styremøtet 11.12.2018

Styremøtet var på Thon Hotell opera i Oslo 11-30-15-30

Tilstades: Eli Ulvestad (styreleiar) Solveig Torgersen Grinder (nestleiar) Frode Aleksander Rismyhr, Torbjørn Bergwitz Lauen, Asbjørn Hjertvik, Anne Schiøtz og Tore Friis-Olsen

Fråfall: Anne Lise Olsen og Linda Thiis

Frå kontoret; Kjærsti Gangsø

Sak 32/2018 Referat frå styremøta 12-13.09 og 17.10.2018

Vedtak

Referat frå styremøtet 12-13.09.2018 blir godkjent

Referat frå telefonstyremøte 17.10.2018 godkjent

Sak 33/2018 Orienteringar

Styret vart orientert om desse sakene;

- Stoda på kontoret, tilsette og lokal
- Prosjektstøtte "Bunad og bærekraft"
- FNV, årskonferanse i Stockholm 8-9.11.2018
- Kulturalliansen, kjøp av tenester
- Oppdatert tiltaksplan 2018
- Bunad på Unescolista
- Arbeidet i Vofo, representantskapsmøtet
- Arbeidet i Frivillighet Norge
- Status, endring og ny tilskotsordning
- Frivilligheitsmeldinga og Kulturmeldinga

Vedtak:

Informasjonen blir tatt til orientering. Kontoret sender julehelsing til Kulturministeren med takk for gode og overordna politiske visjonar i begge meldingane.

Sak 34/2018 Rekneskap pr 27.11.2018

Styret hadde ei gjennomgang av rekneskapen.

Vedtak:

Rekneskapsrapport 27.11.2018 blir tatt til orientering.

Sak 35/2018 Framlegg budsjett 2019, med satsar og kompetansehevingstilskot

Budsjett for 2019 har i seg vekst i kompetansehevingstilskot (3%) og vekst i timetilskot til 98,- time m/lærer og 40,- utan lærar. Andre poster er prisjustert og justert jfr utvikling 2018.

Vedtak:

Framlegg til revidert budsjett 2019 i balanse, med samla kompetansehevingstilskot kr 1.218.902 og timesatsane 98,- for time med lærar og 40,- for time utan lærar blir godkjent.

Sak 36/2018 Handlingsplan 2018-2020, tiltak 2019

Framlegg til tiltak 2019 i gjeldande plan vart gjennomgått.

Vedtak:

Kontoret sitt framlegg til tiltak 2019, med styrets sine merknader blir godkjent.

Sak 37/2018 Søknader om samarbeidsavtale

Norske historiske spel organiserer dei historiske spela, omlag 50. Nokre av desse er også med i NATF eller NU. Norske historiske spel er ein organisasjon med stort potensiale for opplæring, men som ikkje har vore med i studieforbund tidlegare. Dei har difor ikkje med seg timar som blir overført vårt grunnlag for statstilskot. Statstilskot blir utrekna ut frå 2 tidlegare år – i 2019 er 2016 og 2017 grunnlaget, Om dei får svært høg opplæringsaktivitet i 2019 og 2020 kan det føre til ei økonomisk utfordring for Studieforbundet.

Vedtak:

Norske Historiske spel får samarbeidsavtale frå 01.01.2019 med ordinær tilskottsatsar. Det tatt atterhald om å kunne regulere tilskottsats for 2020 ut frå omfang av opplæringsaktivitet.

Sak 38/2018 Frivillighetsbarometeret 2018

Marianne Ween frå Studieforbundet Funkis var invitert for å orientere om Frivillighetsbarometeret 2018.

Ved protokollen
Kjærsti Gangsø

Minner om styremøta fram til årsmøtet 2019;

14.02.2019 kl 10-15.00 styremøte i Oslo

25.04.2019 kl 09.30-13.30 styremøte i Oslo

28.05.2019 årsmøtet 10.00-16.00

Saker/info til neste møte;

1) tilretteleggingstilskot - status

2) tilskottsatsar andre studieforbund, orientering

3) FAFO-undersøkinga, orientering

4) Val i Vofo